

Innstillinga er klar: Fylkesrådmannen tar til orde for investeringar både på E134 og riksveg 13



Prioritert: «Fylkestinget viser også til Stortinget sine merknader ved handsaming av gjeldande Nasjonal transportplan om at E134 Seljestad-Røldal bør kunne starte i gjeldande periode ved bompengelån. Prosjektet er planavklart», står det i innstillinga frå fylkesrådmannen. Illustrasjon: Statens vegvesen

Av [Ernst Olsen](#)

Publisert:24. april 2020, kl. 14:09

Fylkesrådmannen tar til orde for investeringar både på E134 og riksveg 13. – Eg er nøgd med prioriteringane, men med nokre få unntak, seier ordføraren i Ullensvang.

Det kjem fram i hans høyringsuttale-tilråding til ny NTP. Fylkesadministrasjonen i Vestland meiner tunnelen mellom Røldal og Seljestad er blant dei vegprosjekta som bør ha høgast prioritet.

«Fylkestinget viser også til Stortinget sine merknader ved handsaming av gjeldande Nasjonal transportplan om at E134 Seljestad-Røldal bør kunne starte i gjeldande periode ved bompengelån. Prosjektet er planavklart», står det i innstillinga.

Det vert òg tatt til orde for at E134 Røldal-Vågslid må inn i Nasjonal Transportplan (NTP) 2022-2033.

Rassikring av riksveg 13 «Byrkjeneset» er også høgt oppe på lista.

«Det bør avsetjast strekningsvise midlar til rv. 13 gjennom Hardanger for å fjerne dei største flaskehalsane», står det litt lenger nede på prioriteringslista.

I siste punkt tilrår fylkesråmannen at det l å gjennomføre ein konseptvalutgreiing for ein diagonal mellom E134 og Bergensområdet («Hordalandsdiagonalen»), og ber om at dette arbeidet vert starta opp.

Innstillinga frå fylkesrådmann skal opp til politisk handsaming i hovudutval for samfunn og mobilitet 28. april, og fylkesutvalet 30. april. Fylkestinget skal vedta endeleg uttale frå Vestland 12. mai.

– Ikkje godt nok fram

Kva meiner lokalpolitikarane i Ullensvang om innstillinga frå fylkesrådmannen?

Roald Aga Haug (Ap), ordførar i Ullensvang kommune, seier fylkesrådmannen har følgd godt opp tidlegare politiske vedtak.

– Vi er nøgde med at fylkesrådmannen legg opp til prioritering framfor å la det vera opp til regjeringa å velja kva som er best for fylket, seier han.

Ordføraren er glad for at tunnelen mellom Seljestad og Røldal ligg inne som øvste prioritet, samt at rassikring ved Byrkjeneset kom med i tråd med Statens vegvesen si tilråding.

– Det same gjeld gjentakning av krav om KVVU for arm til Bergen, og at utbetring langs riksveg 13 vert vektlagt, seier han.



Ap: Ordførar Roald Aga Haug (Ap) er glad for at tunnelen Seljestad-Røldal ligg inne som øvste prioritet. Arkivfoto: Ernst Olsen

Aga Haug seier han er nøgd med prioriteringane for Vestland fylke, men med nokre få unntak.

– Rassikring kjem framleis ikkje godt nok fram med store nok løyvingar. Fylkeskommunen bør leggja til grunn Nasjonal rassikringsgruppe sin konklusjon med i alt 71 milliardar kroner til rassikring i perioden 2022-2033, meiner han.

– Heile riksveg 13 frå Brattlandsdalen til Hardangerbrua er i elendig forfatning og ekstremt rasutsett. Fv. 550 det same, og ny tunnel mellom Folgefonntunnelen og Jondalstunnelen må på plass. For at slike prosjekt skal realiserast må rassikring framleis vera prioritert. Rassikring og vegutbetring må prioriterast langt høgare, seier ordføraren.

Han vil òg ha ny vurdering av indre trasé som vil gje vekstimpulsar til både kysten, Midthordland og indre strok, i tråd med selskapet Nye vegar si tilråding.

– Det er viktig at ei storsatsing på E39 må leggja til rette for bygging av heile fylket frå indre til ytre strøk. Fylkeskommunen må ta grep og velja indre trasé, seier Aga Haug.

– Vage formuleringar

Gruppeleiar i Ullensvang Sp, Lajla-Margrethe Lindskog-Lund, seier det er positivt at fylkesrådmannen tilrår utbetringar på fleire av vegane i Ullensvang kommune.

– Ullensvang Senterparti vil ha trygge vegar, rassikring og gul midtstripa. Me vil jobba opp mot fylkespolitikarane våre fram til 12. mai for at vegprosjekt i Ullensvang kommune vert prioritert i uttalen til NTP, fortel ho.



Senterpartiet: Lajla-Margrethe Lindskog-Lund (Sp) seier dei vil jobba inn mot sine fylkespolitikarar. Arkivfoto: Sondre Lingås Haukedal

Erlend Nævdal Bolstad, gruppeleiar i Ullensvang Høgre, synest det er litt vage formuleringar i innstillinga på riksveg 13.

– Flaskehalsfjerning er vel og bra, men Oddadalen må sikrast mot ras og strekninga frå Kinsarvik til Hardangerbrua må oppgraderast til gulstripe standard. Det gjeld for så vidt heile riksveg 13 i vår kommune, kommenterer Bolstad.

– Eg er nøgd med at rassikring av Byrkjeneset står høgt, men midlane til rassikring må aukast endå meir, seier han.

Høgrepolitikaren meiner innstillinga er veldig bra på Røldal-Seljestad, og at ein peiker på at Røldal-Vågslid må vera ein del av komande NTP.

– Eg er òg svært positiv til at fylkesrådmannen peiker på at ein KVU for Hordalandsdiagonalen bør på plass, eg meiner dette arbeidet må skje snarast, avsluttar han.



Høgre: Erlend Nævdal Bolstad (H) synest det er litt vage formuleringar i innstillinga på riksveg 13. Arkivfoto: Ernst Olsen